



Sak 18/21

Høyringsuttale til revisjonsdokument for Otravassdraget

	Møtedato	Sakshandsamar:
		Jarle Lunde
Villreinnemnda for Setesdalsområdet	21.10.21	

Bakgrunnsdokument

- [Revisjonsdokument, Otravassdraget](#)
- [Krav om revisjon](#)
- [NVE: Alle sentrale dokument i saka](#)

Saka

På bakgrunn av krav frå Valle, Bykle, Bygland, Iveland, Evje og Hornnes, Vennesla og Kristiansand kommunar og føringar frå NVE har Otteraaens Brugseierforening (OB) utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentleg høyring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

I Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår (2012) kan ein lese: «Hovedformålet med en revisjon vil være å bedre miljøforholdene i tidligere regulerte vassdrag. Dette må avveies mot formålet med konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonsadgangen er ment å innebære en modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkårene, blant annet når det gjelder miljø».

Kommunane sitt krav

Kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand kommunar har kome med mange krav. I det følgjande handlar det her berre om villrein.

Frå side 6: «Villreinen har også blitt påvirket av de foretatte utbygginger av vassdraget. Det er behov for mer kunnskap om dette, slik at hensynet til Villreinen ivaretas gjennom nye tiltak som ikke i vesentlig grad påvirker vannkraftproduksjonen negativt. Det gjøres i dag allerede mye godt arbeid for reinen i Setesdalsheiene, blant annet gjennom Heiplanen og GPS-prosjektet. Det er viktig at dette arbeidet fortsetter, men i tillegg må det også vurderes andre konkrete tiltak som for eksempel mer stabil fyllingsgrad av visse magasiner om vinteren og omlegging av enkelte merkede stier for å skjerme reinen.»

Villreinnemnda gav innspel til kommunane datert 01.05.2017.

Otteraaens Brugseierforening (OB) si vurdering av krav

OB har delteke i fleire forskingsprosjekt på villrein og har til hensikt å delta i denne type forskning i sine reguleringsområde/nedslagsfelt også i framtida.

Når det gjeld omlegging av stiar: «OB mener at disse løypene og hyttene er svært perifere i forhold til våre reguleringsanlegg og at dette ikke er relevant å ta opp i revisjonsprosessen for Otravassdraget».

Når det gjeld vurdering av magasinrestriksjonar viser OB til at sluttrapporten frå GPS-merkingsprosjekt ikkje nemner dammar og reguleringar som ferdselshinder i OB sine reguleringsområde. Etter OB sin vurdering er det ikkje påvist skader som ikkje ble forutsett da konsesjon ble gitt. OB meiner av den grunn at det ikke er grunnlag å fastsette magasinrestriksjonar i disse magasina.

GPS-merkeprosjektet har dokumentert at reinsdyra vegrar seg for å gå over anleggsvegen inn til Store Urevatn i periodar med mye ferdsel. OB starta i 2020 et treårig prosjekt med formål om å fjerne 1 500 meter autovern med fokus på å lette reinens kryssing av vegen. Elles har OB søkt NVE om adgang til å etablere tiltak for å redusere ferdselen inne til Urevatn. Dette blir behandla som eigen sak i NVE.

Vegen opp Urarjuvet til dam Urevatn kan være en utfordring og at en bør vurdere fjerning av noko av autovernet og stenging av vegen med bom. Denne vegen er en stikkveg på veg langs Vatnedalsmagasinet. Trafikken her er langt lågare enn på vegen til Store Urevatn. Tiltak på vurderast som mindre viktig enn tiltak på vegen til Store Urevatn.

Vurdering

Slik sekretariatet oppfattar revisjonsdokumentet er Otteraaens Brugseierforening i utgangspunktet positive til å bidra til avbøtande tiltak for villreinen. Det er bra. Spørsmålet er korleis ein best kan gjere dette.

Kort om villreinen og villreinområdet

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag har Norge siste rest av denne arten i Europa, og villreinområde i Setesdal Ryfylke er den sørlegaste førekomsten. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein aukande fragmentering av leveområda, ikkje minst i det aktuelle villreinområde.


Setesdal Ryfylke er det nest største villreinområdet i Norge. Noverande bestandsplan legg opp til ein bestand på om lag 4000 villrein.

Setesdal Ryfylke er truleg det villreinområdet i landet som er mest prega av vasskraftutbyggingar. Utbygginga knytt til Otrareguleringa er ein del av dette bilde. Her er problem knyt til brotne trekkvegar, beiteareal som er neddemt, forstyrningar frå infrastruktur, og sekundæreffektar knyt til fritidsbruk og stiar med utgangspunkt i anleggsvegar.

Dei største reguleringsmagasina er Botsvatn med ei reguleringshøgde på 56 m, Vatnedalsvatnet med 140 meter og Urevatn med 34 meter regulering. I tillegg kjem dei mindre reguleringsmagasina Reinevatn, Skarjesvatn, Skyvatn, Breidvatn, Store Førsvatn, Hartevatn og Ormsavatn. Alle ligg i Bykle kommune.

Endringane i villreinen sin bruk av området er tydelege¹. Det er openbart at endringane i arealbruken er eit resultat av summen av menneskelege inngrep og aktivitet. «Villreinkartet» er teikna om.

Dei direkte konsekvensane frå vasskrafta er oftast lite å gjere med, dei fleste inngrepa er tilnærma irreversible. Ein må derfor søke andre avbøtande tiltak.



¹ -Bay, L.A. og Jordhøy, P 2004. Store Urevatn - villrein. - etterundersøkelse i forbindelse med tilleggsregulering av Store Urevatn - NINA Oppdragsmelding 798.

-Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Van Moorter, B., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinenens bruk av Setesdalsheiene. Sluttrapport fra GPS-merkeprosjektet 2006-2010. - NINA Rapport 694. 143 s. + vedlegg.

-Strand, O., Gundersen, V., Thomassen, J., Andersen, R., Rauset, G. R., Rømtveit, L., Mossing, A., Bøthun, S.W. & Ruud, A. 2019. GPS villreinprosjektet i Setesdal-Ryfylke - avbøtende tiltak. NINA Rapport 1457. Norsk institutt for naturforskning

Kartet syner fungerande trekkveggar merka gult. Trekkveggar som har blitt demd ned er merka blå. Kartet er henta frå *Konsekvensutgreiing for villrein i høve til framtidig arealbruk. Oppdragsrapport 1994 Statskog*

Når det gjeld arealforvaltninga har ein betydelege utfordringar med å skjerme allereie marginale trekkpassasjar mot ytterlegare menneskeleg ferdsel/aktivitet. Framtidige tiltak handlar om å legge forholda til rette for en robust utvikling som kan handtere endringar i ferdsel og bruk.

Samla belastning og vilkårsrevisjonar

Ein nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å sjå villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Ein må sjå på samla belastning og moglege tiltak på bakgrunn av faglege anbefalingar. Det kjem fram av NVE sin innstilling til Sira-Kvina revisjonen, at NVE er samd i dette.

Ikkje mindre enn fem vilkårsrevisjonar er tidsaktuelle, men desse er ulikt i saksgangen. For Sira-Kvina og Vinje-Tokke føreligg innstilling frå NVE og desse er til behandling i OED. For Ulla-Førre og Otravassdraget føreligg revisjonsdokumenta og saka er til behandling i NVE. For Røldal-Suldal er det venta at det blir opna for vilkårsrevisjon med det første.

Kunnskapsgrunnlaget – avbøtande tiltak

Det føreligg eit solid kunnskapsgrunnlag for villreinen i området. Eit GPS-merkeprosjekt starta i 2006. Det visast her til NINA Rapport 694, «Villreinen sin bruk av Setesdalsheiene»². I rapporten heiter det mellom anna: *«Den menneskelige påvirkningen av disse områdene er svært kompleks og det har vært lite utveksling av dyr over øst-vest-aksen ved Blåsjø i løpet av prosjektperioden. Fragmenteringen av villreinområdet (med utbyggingen av Blåsjø og Svartevassmagasinet), menneskelig aktivitet i disse områdene og stort jaktpress kan til sammen forklare hvorfor SR i dag framstår som et todelt og mer isolert villreinområde. Effektive forvaltningsløsninger (mht. å øke bruken av de sørlige og vestligste delene av villreinområdet) bør derfor fokusere på problemstillinger knyttet til bestands- og arealforvaltningen samtidig.»*

I 2019 kom ein ny rapport, «GPS villreinprosjektet i Setesdal-Ryfylke. Avbøtande tiltak» (NINA Rapport 1457)³. Hovudmålsettinga for prosjektet var *«å skaffe kunnskap som gjennom forvaltning og tiltak kan bidra til å øke reinens arealbruk. Det ligger ikke i det planlagte prosjektets mandat å skulle innføre nye tiltak, pålegg eller endrete forvaltningsregimer. Men det vil være en naturlig oppgave å foreslå tiltak som kan bidra til at den overordnede målsetningen om at økt arealbruk oppnås»*.

Rapporten foreslår ei rekkje avbøtande tiltak. Dette går mellom anna på bomregime på anleggsveggar, jaktfredningssone og flytting av hytte- og løypenett.

² <https://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/rapport/2011/694.pdf>

³ <https://brage.nina.no/nina-xmlui/bitstream/handle/11250/2616196/1457.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

For å auke trekkaktiviteten nord-sør og øst-vest i villreinområde er Steinsbuskaret eit nøkkelområde. *«Blåsjømagasinet og en rekke andre utbygginger og veger har skapt marginale trekkpassasjer for villreinen. Ferdsel i forbindelse med turisthytta Storsteinen og vegen inn til Store Urevatn hindrer reinen i å bruke den trange trekkpassasjen..... Det mest omfattende tiltaket inkluderer flytting av hele det merkede stinettet fra østsiden av Blåsjø til vestsiden av Blåsjø, og som inkluderer flytting/nedleggelse av turisthytta Storsteinen og Hovatn, Vassdalstjørn, Krossvatn på østsiden av Blåsjø (...). Dette vil gi en robust situasjon for fremtiden. Målet vil være å ta vare på det sårbare trekket ved Steinbuskaret, samtidig som det er fleksible utviklingsmuligheter for friluftsliv/turisme/bruk av området i fremtiden»* (side 95).

Det blei halde eit avsluttande styringsgruppemøte for GPS villreinprosjektet i Setesdal Ryfylke i oktober 2020. Samstundes blei det nedsett eit interimstyre som skulle førebu organisering av eit nytt prosjekt, lage eit forslag til liste med alle avbøtande tiltak, føreslå korleis dei kan realiserast og kven som skal vere ansvarleg for gjennomføringa. Interimsstyre legg fram dette arbeidet i oktober 2021 for ei referansegruppa og det blir val av ei styringsgruppe.

Samstundes pågår det eit arbeid med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for bestandsforhold, lavbeite og leveområde etter kvalitetsnorm for villrein som blei fastsett ved kgl.res. 23. juni 2020. Med bakgrunn i dette vil ei klassifisering av Setesdal Ryfylke blir gjennomført. Dersom området blir klassifisert til dårleg tilstand etter kvalitetsnorma, som det utifrå kunnskapsgrunnlaget er grunn til å tru, skal det gjennomførast ein påverknadsanalyse for å klarlegge årsakene, og Klima- og miljødepartementet bør i samråd med andre berørte myndigheiter utarbeide en tiltaksplan.

Arbeidet med eit nytt prosjekt med «Avbøtande tiltak for villrein i Setesdal- Ryfylke» vil bli samordna med arbeidet etter kvalitetsnorm for villrein.

Alt i alt er kunnskapsgrunnlaget til stades for kunne gjennomføre avbøtande tiltak i villreinområde. Samstundes blir kunnskapen stadig betre. Forskingsprosjektet RenRein vil kunne gi viktig ny kunnskap om relevante avbøtande og kompenserande tiltak. Dette gjennom ein metodikk som blant annet ser på områder sin habitatverdi, simulerer villreinens moglegheit for å trekke mellom ulike funksjonsområder, og estimerer effekten av avbøtande tiltak. Sluttrapporten er venta i 2021.

I tillegg til arbeidet nemnt over er det iverksett nymerking med GPS-sendarar på villreinbukkar som del av hastetiltaka mot skrantesjuke. Dette vil også kunne gi ny kunnskap.

Villreinfond

Som nemnt over har me eit godt kunnskapsgrunnlag og det blir arbeid med tiltaksplanar. Det er store og små tiltak som er føreslått. Det er naturleg at mange av desse blir gjennomført som frivillige tiltak (av «problemeigar»), eller alternativt som pålegg etter standard naturforvaltningsvilkår. Til dømes blir det no arbeida med å redusere ferdsla og å bytte autovern med stabbesteinar på anleggsvegen til Store Urar. Det er bra, og det må fortsette slik.

I Setesdal Ryfylke villreinområde er det likevel ikkje slik at det alltid er lett å vise til kven som «eig» problema. Som omtalt overfor er den menneskelege påverknaden i villreinområde svært kompleks. Påverknad frå vasskrafta er ein sentral del av dette bilde.

Sekretariatet meiner derfor at det må etablerast eit felles villreinfond for Setesdal-Ryfylke. Kvar konsesjonseigar må påleggast å bidra til fondet etter kvart som dei nye reviderte konsesjonane blir vedteke. Som nemnt over er det 5 vilkårsrevisjonar i prosess.

Dette har nyleg aktualisert seg gjennomført i dei reviderte konsesjonane for både Aurareguleringa og Hemsilreguleringa som blei vedteke i statsråd 23.06.2021. Olje- og energidepartementet har i kgl.res. gitt følgande vurdering (Aurareguleringene)⁴:
«Når det gjelder behov for kunnskap om øvrige tiltak er det slik departementet ser det betydelig usikkerhet om hvilke tiltak har best effekt, og hva de ulike tiltakene vil koste. Usikkerhet bør ikke medføre at forvaltningen unngår å treffe tiltak av hensyn til arter og naturtuper, jf. naturmangfoldloven.

Etter vassdragsreguleringsloven § 17 kan det settes vilkår om at konsesjonæren yter tilskudd til et fond som skal fremme blant annet fisk, vilt og friluftsliv i kommunen eller andre særskilte formål. Tilskuddet kan enten skje ved betaling av et passende engangsbeløp eller ved årlige utbetalinger. Departementet mener at det i denne saken er nødvendig at det opprettes et villreinfond som kan brukes til å finansiere nødvendige utredninger og gjennomføring av prioriterte avbøtende tiltak i hele villreinområdet. Departementet foreslår at regulanten betaler et engangsbeløp for å ivareta villreinbestanden i området. Regulanten pålegges derfor å bidra med 10 mill. kroner. Fondet skal innrettes slik at også andre aktører som finansierer tiltak av hensyn til villrein kan bidra inn til samme fond, f.eks. midler som tildeles fra Miljødirektoratet o.l. I villreinområder der det finnes flere konsesjoner vil andre regulanter som påvirker samme bestand forventes å i fremtiden bidra til et felles fond for hele villreinområdet, etter hvert som konsesjonene kommer opp til vilkårsrevisjon. Fondet skal forvaltes av en egen styringsgruppe bestående av NVE, de aktuelle statsforvalterembetene, regulanten, evt. andre bidragsytere og de berørte kommunene. Det forutsettes at tiltakene som iverksettes skal komme den berørte villreinbestanden til gode. Tiltakene som iverksettes må ses i sammenheng med andre prosjekt på villrein i Norge.

Ved å avsette midler til et fond vil kostnadene for konsesjonæren bli forusigbare. Departementet mener at det ikke vil være rimelig å i tillegg åpne for utstrakt bruk av standardvilkårene for å pålegge kostbare undersøkelser og tiltak av hensyn til villrein. Dersom det skal pålegges fysiske tiltak av hensyn til villrein i medhold av standardvilkårene bør NVE forelegges forslaget.»

Sekretariatet meiner OED sin vurdering er overførbar til Setesdal Ryfylke. Ei føresetnad for å etablere eit villreinfond må likevel vere at innbetalinga må vere stort nok til at det gis ein realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. For å kunne gjennomføre robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil dette kunne koste fleire 10-talls millionar

⁴ <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/206ea831-f370-416b-b5a4-1502e53fa913/201500615/3424160>

kroner. Jamfør dei konsekvensane reguleringa av Otravassdraget har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.

Forslag til vedtak

Setesdal Ryfylke villreinområde er sterkt prega av vasskraftutbyggingar. Reguleringa av Otravassdraget er ein sentral del av dette bilde. Her er problem knyt til brotne trekkvegar, beiteareal som er neddemt, forstyrningar frå infrastruktur, og sekundæreffektar knyt til fritidsbruk og stiar med utgangspunkt i anleggsvegar.

Endringane i villreinen sin bruk av areala aust for Blåsjø er tydelege. Det er openbart at endringane i arealbruken er eit resultat av summen av menneskelege inngrep og aktivitet. «Villreinkartet» er teikna om.

Når det gjeld arealforvaltninga har ein betydelege utfordringar med å skjerme allereie marginale trekkpassasjar mot ytterlegare menneskeleg ferdsel. Framtidige tiltak handlar om å legge forholda til rette for ei robust utvikling som kan handtere endringar i ferdsel og bruk.

Jamfør kunnskapsgrunnlaget er det foreslått store og små tiltak for å betre tilstanden for villreinen i åra framover. Det er naturleg at mange av desse blir gjennomført som frivillige tiltak, eller alternativt som pålegg etter standard naturforvaltningsvilkår.

I Setesdal Ryfylke villreinområde er det likevel ikkje slik at det alltid er lett å vise til kven som «eig» problema. Den menneskelege påverknaden i villreinområde svært kompleks. Påverknad frå vasskrafta er ein sentral del av dette bilde. Ein nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å sjå villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Ein må sjå på samla belastning og moglege tiltak på bakgrunn av faglege anbefalingar.

Villreinnemnda foreslår at det blir sett vilkår om at det skal avsettast midlar i eit villreinfond. Dette bør skje etter same prinsipp som OED nytta i vilkårsrevisjon for Aurareguleringa og Hemsilreguleringa. Innbetalinga må vere stor nok til at det gis ein realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. Robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil kunne koste fleire 10-talls millionar kroner. Jamfør dei konsekvensane reguleringa av Otravassdraget har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.

Behandling

Det blei vist til at det i dag er dårleg avkastning på fond og at årlege tilskott kan vere ei alternativ ordning. Det blei fremma forslag om å endre siste avsnitt slik:

Villreinnemnda foreslår at det blir sett vilkår om at det skal avsettast midlar i eit villreinfond eller som årleg tilskott. Nemnda vil vise til prinsippa som OED nytta i vilkårsrevisjon for Aurareguleringa og Hemsilreguleringa. Innbetalinga må vere stor nok til at det gis ein

realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. Robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil kunne koste fleire 10-talls millionar kroner. Jamfør dei konsekvensane reguleringa av Otravassdraget har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.

Røysting

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak med foreslått endring

Vedtak

Setesdal Ryfylke villreinområde er sterkt prega av vasskraftutbyggingar. Reguleringa av Otravassdraget er ein sentral del av dette bilde. Her er problem knyt til brotne trekkvegar, beiteareal som er neddemt, forstyrringar frå infrastruktur, og sekundæreffektar knyt til fritidsbruk og stiar med utgangspunkt i anleggsvegar.

Endringane i villreinen sin bruk av areala aust for Blåsjø er tydelege. Det er openbart at endringane i arealbruken er eit resultat av summen av menneskelege inngrep og aktivitet. «Villreinkartet» er teikna om.

Når det gjeld arealforvaltninga har ein betydelege utfordringar med å skjerme allereie marginale trekkpassasjar mot ytterlegare menneskeleg ferdsel. Framtidige tiltak handlar om å legge forholda til rette for ei robust utvikling som kan handtere endringar i ferdsel og bruk.

Jamfør kunnskapsgrunnlaget er det foreslått store og små tiltak for å betre tilstanden for villreinen i åra framover. Det er naturleg at mange av desse blir gjennomført som frivillige tiltak, eller alternativt som pålegg etter standard naturforvaltningsvilkår.

I Setesdal Ryfylke villreinområde er det likevel ikkje slik at det alltid er lett å vise til kven som «eig» problema. Den menneskelege påverknaden i villreinområde svært kompleks. Påverknad frå vasskrafta er ein sentral del av dette bilde. Ein nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å sjå villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Ein må sjå på samla belastning og moglege tiltak på bakgrunn av faglege anbefalingar.

Villreinnemnda foreslår at det blir sett vilkår om at det skal avsettast midlar i eit villreinfond eller som årleg tilskott. Nemnda vil vise til prinsippa som OED nytta i vilkårsrevisjon for Aurareguleringa og Hemsilreguleringa. Innbetalinga må vere stor nok til at det gis ein realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. Robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil kunne koste fleire 10-talls millionar kroner. Jamfør dei konsekvensane reguleringa av Otravassdraget har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.